



St.prp. nr. 12

(2008–2009)

Rettferdsvederlag frå statskassa (Arbeidet i rettferdsvederlagsutvala i 2007 mv.)

*Tilråding frå Justis- og politidepartementet av 7. november 2008,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Stoltenberg II)*

1 Stortinget si rettferdsvederlagsordning

1.1 Innhaldet i stortingsproposisjonen

Stortinget si rettferdsvederlagsordning er Stortinget si eiga vederlagsordning, der einskildpersonar som har kome særleg uheldig ut, kan søkje om ein skjønsmessig kompensasjon. Ordninga er basert på sedvane og er ikkje nærmare regulert i formelle reglar. I St.prp. nr. 65 (2006-2007) *Rettferdsvederlag frå statskassa (Om Stortinget si rettferdsvederlagsordning, arbeidet i rettferdsvederlagsutvala m.m.)* blei det gitt ein nærmare omtale av heile ordninga.

I denne stortingsproposisjonen blir det gitt ei orientering om arbeidet i rettferdsvederlagsutvala i 2007. I tillegg blir det mellom anna gitt ein kort omtale av effektiviseringsarbeidet som er gjort i faginstansane og på utvalsnivå.

Stortingets presidentskap har tidlegare uttalt at dei vil ta initiativ til ein prinsipiell gjennomgang av rettferdsvederlagsordninga i inneverande stortingsperiode. Regjeringa gir i denne proposisjonen sitt syn på behovet for ein slik gjennomgang samt behovet for endringar i måten Stortinget skal orienterast om arbeidet i rettferdsvederlagsutvala.

Stortinget sine rettferdsvederlagsutval gjer vedtak i saker om rettferdsvederlag. I saker der det er aktuelt å tilkjenne ein kompensasjon på over kr 200 000 er det Stortinget sjølv som gjer vedtak. I proposisjonen blir det lagt fram for Stortinget éi

sak der det er aktuelt å tilkjenne rettferdsvederlag som overstig denne beløpsgrensa.

1.2 Utviklinga av rettferdsvederlagsordninga

Talet på søknader om rettferdsvederlag har auka sterkt som følgje av utvidinga av ordninga i samband med Stortinget si behandling av St.meld. nr. 44 (2003-2004) *Erstatningsordning for krigsbarn og erstatningsordningar for romanifolk/tatere og eldre utdanningsskadelidende samer og kvener* og St.meld. nr. 24 (2004-2005) *Erstatningsordningar for barn i barneheimar og spesialskular for barn med åtferdsvanskar*. Regjeringa har som følgje av dette styrka både dei førebunde fagetatane og Justissekretariata¹ monaleg. Dette har ført til ein sterk auke i talet på saker til behandling i utvala. Som følgje av denne auken og for å nå Regjeringa sitt mål for gjennomsnittleg saksbehandlingstid foreslo Regjeringa i St.prp. nr. 1 Tillegg nr. 1 (2007-2008) at det skulle etablerast eit tredje rettferdsvederlagsutval for ein periode på tre år. Stortinget vedtok å opprette eit mellombels tredje rettferdsvederlagsutval i samband med behandlinga av Regjeringa sitt budsjettforslag for 2008. Utvalet er oppnemnt for perioden 01.03.2008 til 28.02.2011.

¹ Verksemda Justissekretariata vil med verknad frå 01.01.2009 endre namn til Statens sivilrettsforvaltning.

Regjeringa er opptatt av at utvala skal ha ein høg saksproduksjon, og det bør vere eit mål at kvart utval i snitt skal behandle om lag 60 saker per møte. Talet på avgjorte saker auka frå 249 saker i 2005 til heile 2 244 saker i 2007. Med tre utval i arbeid forventar Regjeringa ein ytterlegare auke i talet på årleg avgjorte saker. For ein nærmare omtale blir det vist til kapittel 2 Orientering om arbeidet i rettsferdsvederlagsutvala i 2007.

På oppmoding frå Justisdepartementet har Justissekretariata sett nærmare på moglege effektiviserings- og forenklingstiltak i arbeidet med søknader om rettsferdsvederlag. Det blei våren 2008 sett ned ei arbeidsgruppe med representantar frå dei saksførebuaende faginstansane (Utdanningsdirektoratet, Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet og tidlegare Sosial- og helsedirektoratet) og Justissekretariata. Arbeidsgruppa har kome med ei rekkje forslag til tiltak, forenklingar og endringar i rutinane både i faginstansane og på utvalsnivå. Forslaga er avklart med rettsferdsvederlagsutvala og vil bli implementerte så raskt som mogleg. På grunn av at det per tida ligg om lag 800 saker på vent til behandling i utvala vil det ta noko tid før tiltaka gir full effekt. Som hovudregel bør dei eldste sakene behandlast først. For å unngå at søkjarar døyr medan dei ventar på å få sakene sine avgjorte i utvala meiner Regjeringa at det i nokre tilfelle også bør takast omsyn til alderen og helsetilstanden til søkjarane ved prioriteringa av kva for søknader som skal behandlast først.

Regjeringa vurderer fortløpande behovet for eit fjerde utval. Dette må mellom anna sjåast opp mot talet på nye søknader og ferdig førebudde saker frå faginstansane.

1.3 Omgrepet rettsferdsvederlag

Rettsferdsvederlagsordninga blir på bokmål omtalt som Stortingets «billighetserstatningsordning». Omgrepet «billighet» er eit uttrykk for at saka ikkje skal avgjerast etter den strenge positive rett, men ta omsyn til det som vil vere rimeleg. Dette er også i samsvar med det ordninga er meint å vere. Reaksjonar frå ulike søkjargrupper har likevel vist at omgrepet kan verke misvisande og skape feilaktige assosiasjonar om kva ordninga går ut på. Rettsferdsvederlaget skal ikkje gi ein fullverdig kompensasjon for det tapet som er påført, og det kan derfor også vere ein fordel å gå bort frå omgrepet «erstatning». Rettsferdsvederlag er basert på skjønn, og ordninga har som siktemål å vege opp for den urett ein person har blitt utsett for, ofte med grunnlag i kritikkverdige forhold frå staten si side.

Regjeringa meiner derfor det er behov for at ordninga offisielt endrar namn til *rettsferdsvederlagsordninga*, som er eit meir dekkande omgrep. Dette vil også sikre at ordninga får likelydande namn på begge målformer. Regjeringa bed Stortinget vurdere ei eventuell namneendring i samband med behandlinga av denne proposisjonen.


2 Orientering om arbeidet i rettsferdsvederlagsutvala i 2007

Orienteringa i dette kapitlet om arbeidet i rettsferdsvederlagsutvala i 2007 byggjer på innspel frå rettsferdsvederlagsutvala.

2.1 Saksavvikling i 2007

I heile 2007 har det vore to rettsferdsvederlagsutval i arbeid; utval I og utval II. Utvala har i 2007 meir enn dobla saksavviklinga si samanlikna med 2006 då det i delar av året berre var eitt utval i virke. Det er for første gong på fleire år avgjort fleire saker enn det som har kome inn. Det blir vist til figur 2.1.

Dei to utvala har hatt til saman 24 møter og behandla 2 244 saker. Av dei behandla sakene er 54 % av søkjarane kvinner og 46 % menn. Dette er uendra frå året før. Det er gitt rettsferdsvederlag i 1 861 saker og utbetalt vederlag med til saman 134,3 mill. kr. Til samanlikning behandla utvala i alt 1 068 saker i 2006 og gav rettsferdsvederlag i 895 av desse



Figur 2.1 Talet på avgjorte saker og nye søknader. 2005-2007.

sakene. Det blei i 2006 utbetalt vederlag med til saman 19,9 mill. kr. Den monalege auken i talet på avgjorte saker og utbetalt vederlag skriv seg frå at begge utvala var i arbeid i 2007. I tillegg har utvala behandla fleire saker med grunnlag i St.meld. nr. 24 (2004-2005) *Erstatningsordningar for barn i barneheimar og spesialskular for barn med åtferdsvanskar*. I desse sakene er utvala gitt fullmakt til å gi rettsferdsvederlag opptil kr 300 000. Vederlagsbeløpa i desse sakene ligg gjennomgåande høgare enn i andre sakstypar. Det blir vist til tabell 2.1 nedanfor der det går fram at 65 av søkjarane i denne gruppa er gitt rettsferdsvederlag med meir enn kr 200 000.

Rettsferdsvederlagsutvala har eit nært samarbeid med Justissekretariata og aktuelle faginstansar. På denne måten har problemstillingar blitt avklarte undervegs i saksbehandlinga. I 2007 er det også sett i verk fleire effektiviserings- og rasjonaliseringstiltak i den førebuande saksbehandlinga. Eit stadig aukande tal saker har derfor blitt ferdigstilt for behandling i utvala.

I 2007 har rettsferdsvederlagsutval I tilrådd rettsferdsvederlag på over kr 200 000 i fem saker, jf. St.prp. nr. 65 (2006-2007). Stortinget gav si tilslutning til dette i Innst. S. nr. 262 (2006-2007).

Per 31.12.2007 var 4 039 søknader under førebuande behandling. Saksbehandlingstida frå søknaden kjem inn til innstilling frå faginstans er ferdig, varierer framleis. Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet og Sosial- og helsedirektoratet har ei saksbehandlingstid på om lag 12 månader. Utdanningsdirektoratet har ei gjennomsnittleg saksbehandlingstid opp mot 24 månader i fleire sakstypar. Når saka er ferdigstilt frå faginstans, blir ho som hovudregel behandla innan 1 månad i Justissekretariata. Saka blir deretter send til utvala. Der berre Justissekretariata er faginstans vil saksbehandlingstida normalt vere 12 månader.

Utvala har vedtatt at sakene etter St.meld. nr. 24 (2004-2005) skal behandlast av utval II. Som følgje av den monalege auken i talet på søknader og den auka produksjonen i førebuande faginstansar har ikkje utval II lenger kapasitet til å behandle desse sakene fortløpande etter kvart som dei kjem inn. Det blir vist til tabell 2.2. Her går det fram at det per årsskiftet 2007/2008 var ferdigstilt 780 saker som låg på vent for behandling i utvala. Det er i 2008 oppretta eit tredje rettsferdsvederlagsutval, sjå omtale under punkt 1.2. Også utval III vil avgjere saker etter St.meld. nr. 24 (2004-2005).

Tabell 2.1 Oversikt over utbetaling av rettsferdsvederlag fordelt etter sakstype. 2007.

Sakstype/vederlagsbeløp	Sum	Avsl.	1' -	21' -	51' -	101' -	151' -	201' -	301' -
			20'	50'	100'	150'	200'	300'	400'
Alle sakstypar	2244	383	404	306	839	157	80	74	1
<i>Prosentvis fordeling</i>	<i>100</i>	<i>17</i>	<i>18</i>	<i>14</i>	<i>37</i>	<i>7</i>	<i>4</i>	<i>3</i>	<i>0</i>
Alminneleg rettsferdsvederlag	287	129	1	26	77	36	14	3	1
<i>Prosentvis fordeling</i>	<i>100</i>	<i>45</i>	<i>0</i>	<i>9</i>	<i>27</i>	<i>13</i>	<i>5</i>	<i>1</i>	<i>0</i>
Krigsbarn	512	42	303	120	29	12	6	0	0
<i>Prosentvis fordeling</i>	<i>100</i>	<i>8</i>	<i>59</i>	<i>23</i>	<i>6</i>	<i>2</i>	<i>1</i>	<i>0</i>	<i>0</i>
Romanifolk/tatarar	356	4	100	140	50	46	10	6	0
<i>Prosentvis fordeling</i>	<i>100</i>	<i>1</i>	<i>28</i>	<i>39</i>	<i>14</i>	<i>13</i>	<i>3</i>	<i>2</i>	<i>0</i>
Samar/kvener	835	198	0	0	637	0	0	0	0
<i>Prosentvis fordeling</i>	<i>100</i>	<i>24</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>76</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>
Barne- og skoleheimsbarn (St.meld. nr. 24)	254	10	0	20	46	63	50	65	0
<i>Prosentvis fordeling</i>	<i>100</i>	<i>4</i>	<i>0</i>	<i>8</i>	<i>18</i>	<i>25</i>	<i>20</i>	<i>26</i>	<i>0</i>

Tabell 2.2 Talet på nye søknader og saker til behandling.

	Pr. 31.12.07	Pr. 31.12.06
<i>Talet på nye søknader</i>	2 148	1 726
Barne- og skoleheimsbarn (St.meld. nr. 24)	734	
Krigsbarn (St.meld. nr. 44)	654	
Romanifolk/tatarar (St.meld. nr. 44)	236	
Samar/kvener (St.meld. nr. 44)	183	
Alminneleg rettsferdsvederlagsordning	341	
<i>Talet på søknader ferdigbehandla av utvala</i>	2 244	1 068
Kvinner	1205 (54 %)	574 (54 %)
Menn	1039 (46 %)	494 (46 %)
<i>Totalt under behandling</i>	4 039	ca. 4 410
I Justissekretariata	537	
I Utdanningsdirektoratet	1 686	
I Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet	801	ca. 4 410
I Sosial- og helsedirektoratet	235	
Saker klare for oversending til utvala	780	0
<i>Andre saker</i>		
Saker avslutta på grunn av at søkjaren er død	16	
Avviste saker	259	

Tabell 2.3 Ferdig behandla saker fordelte på søkjargrupper. 2007.

	Alle søkjargrupper	Alminneleg rettsferdsvederlag	Krigsbarn	Romanifolk/tatarar	Samar/kvener	Barne- og skoleheimsbarn
Avgjort	2 244	287	512	356	835	254
%		13	23	16	37	11

Tabell 2.4 Innvilga og avslåtte søknader i tal og prosent fordelte på kjønn. 2006 og 2007.

	2007	%	2006	%
<i>Ferdigbehandla saker</i>	2 244		1 068	
kvinner:	1 205	54	574	54
menn:	1 039	46	494	46
<i>Gitt vederlag</i>	1 861	83	895	84
kvinner:	989	53	483	54
menn:	872	47	412	46
<i>Avslag</i>	383	17	173	16
kvinner:	216	56	91	53
menn:	167	45	82	47

2.2 Om erstatningsordningane for krigsbarn og romanifolk/tatarar

Som det følgjer av St.meld. nr. 44 (2003-2004) *Erstatningsordning for krigsbarn og erstatningsord-*

ninger for romanifolk/tatere og eldre utdanningsskadelidende samer og kvener gjekk søknadsfristen for krigsbarn ut 01.07.2007. Stortinget vedtok å utvide fristen for denne gruppa til 01.01.2008. Det er i alt

kome inn 2 028 søknader. Av desse er 1 097 no ferdigbehandla. Det gjeld ingen søknadsfristar for andre søkjargrupper.

Det er gjennom ei årrekkje gjort eit omfattande arbeid overfor nasjonale minoritetar for å motverke diskriminering og mobbing, både i samfunnet generelt og særleg innanfor skolevesenet. Overfor gruppa romanifolk/tatarar kom dette klart til uttrykk då kommunalminister Ragnhild Queseth Haarstad på vegne av regjeringa i februar 1998 bad om orsaking for dei grove overgrepa som romanifolk/tatarar var blitt utsette for. Dette blei følgt opp av regjeringa Stoltenberg I i St.meld. nr. 15 (2000-2001) *Nasjonale minoritetar i Noreg - Om statleg politikk overfor jodar, kvener, rom, romanifolket og skogfinnar*. Regelverket på dette området er også seinare blitt utvikla, mellom anna ved diskrimineringslova og reglar om ivaretaking av det psykososiale miljøet i skolen.

For romanifolk/tatarar førte behandlinga av St.meld. nr. 44 (2003-2004) mellom anna til ei særleg ordning med retttferdsvederlag for mobbing på grunnlag av eigenerklæring. Det blei i samband med dette lagt til grunn at: *«Det må antas at myndighetenes politikk har bidratt til negative holdninger til romanifolket, og at dette kan ha resultert i mobbing.»*

Retttferdsvederlagsutval I meiner det er naturleg at det blir sett eit skjeringspunkt for når søknader om retttferdsvederlag frå romanifolk/tatarar med grunnlag i mobbing skal behandlast etter ordninga i St.meld. nr. 44 på grunnlag av eigenerklæring. Utvalet finn det naturleg at skjeringspunkt er samanfallande med regjeringa si orsaking i 1998 overfor denne gruppa. Utvalet tek derfor sikte på at også søknader frå romanifolket/tatarar om retttferdsvederlag med grunnlag i mobbing som har skjedd i 1998 og seinare, vil bli vurdert etter den alminnelege retttferdsvederlagsordninga på same måte som med mobbing i samfunnet elles. For mobbing som har skjedd tidlegare blir ordninga med retttferdsvederlag på grunnlag av truverdig eigenerklæring vidareført.

3 Framtidig innretting av retttferdsvederlagsordninga og rapportering

3.1 Behov for ein prinsipiell gjennomgang

I samband med oppnemninga av det andre retttferdsvederlagsutvalet, jf. Innst. S. nr. 64 (2005-2006), tok Stortingets presidentskap mellom anna opp spørsmålet om den framtidige organiseringa

av retttferdsvederlagsordninga. I merknadene frå Presidentskapet heiter det mellom anna at:

«(...) den nåværende ordning reiser en del prinsipielle spørsmål som bør tas opp til nærmere gjennomgang. Dette gjelder blant annet både utvalgets fremtidige sammensetning og organiseringen av dets sekretariat. Presidentskapet vil ta initiativ til å få gjennomført en slik prinsipiell gjennomgang av ordningen i løpet av inneværende stortingsperiode.»

Regjeringa er samd med Presidentskapet om behovet for ein prinsipiell gjennomgang av retttferdsvederlagsordninga. Retttferdsvederlagsordninga har i dei seinare åra blitt sterkt utvida og tilpassa stadig nye grupper. Utbetalingane har auka frå om lag 7,8 mill. kr i 2004 til 134,3 mill. kr i 2007. For 2008 ligg det an til å bli utbetalt om lag 200 mill. kr i retttferdsvederlag frå staten. Trass dei store utbetalingane kan det likevel ikkje utelukast at også andre grupper som i dag fell utanfor ordninga, har kome tilsvarende uheldig ut. Regjeringa meiner derfor det er grunn til å sjå nærmare på bruken av statlege midlar gjennom ei slik ordning sett opp mot andre offentlege velferdsordningar. Den kraftige auken i talet på saker har ført til at det no er tre utval i arbeid. Stadig fleire utval skaper utfordringar mellom anna knytt til korleis likebehandling skal sikrast. Regjeringa meiner derfor det er behov for ein heilskapeleg gjennomgang der det blir sett nærmare på prinsippa for sjølve ordninga, inkludert vurderingar av den framtidige organiseringa av sekretariatet for utvala.

3.2 Spørsmålet om tidsfrist for søknader om retttferdsvederlag etter St.meld. nr. 24 (2004-2005)

Ved St.meld. nr. 24 (2004-2005) blei retttferdsvederlagsordninga utvida og tilpassa for barn som har vore plasserte i barneheimar, fosterheimar, verne-skolar og spesialskolar for barn med åtferdsvanskar i perioden fram til 1980. Det blei ikkje sett nokon frist for å søkje på desse grunnlaga. Sidan dette gjeld forhold som ligg langt tilbake i tid, meiner Regjeringa at det bør vurderast å setje ein tidsfrist slik det er gjort for dei fleste tilsvarende kommunale ordningar og slik det blei gjort for søkjargruppa krigsbarn etter St.meld. nr. 44 (2003-2004). Ein slik tidsfrist bør ikkje setjast før alle eventuelle kommunale ordningar har blitt gjennomførte. Regjeringa vil gjere ei nærmare vurdering av dette spørsmålet og komme tilbake til Stortinget med saka på eit seinare tidspunkt

3.3 Årleg rapportering om arbeidet i rettsferdsvederlagsutvala

Det går fram av vedtak i Stortinget 26.10.1999 at Stortinget skal haldast orientert om arbeidet i Rettsferdsvederlagsutvalet gjennom årsmeldingar for rettsferdsvederlagsordninga. Stortinget blei fram til 2003 orientert om arbeidet i Rettsferdsvederlagsutvalet gjennom eigne stortingsmeldingar. For 2004 og fram til 1.4.2006 sende utvalet rapportar om arbeidet i utvalet direkte til Stortinget. I samband med at fem einskildsaker blei lagde fram for Stortinget for avgjerd våren 2007, jf. St.prp. nr. 65 (2006-2007) *Rettsferdsvederlag frå statskassa (Om Stortinget si rettsferdsvederlagsordning, arbeidet i rettsferdsvederlagsutvala m.m.)*, blei det i proposisjonen også gitt ei orientering om arbeidet i rettsferdsvederlagsutvala for perioden 1.4.2006 til 31.12.2006.

I same proposisjon tok Regjeringa opp spørsmålet om den framtidige rapporteringa frå rettsferdsvederlagsutvala til Stortinget. I punkt 2.1 Årsmeldingar frå rettsferdsvederlagsutvala heiter det:

«Stortingets administrasjon har nyleg teke opp spørsmålet om korleis rapporteringa frå rettsferdsvederlagsutvala til Stortinget best kan skje, og Justisdepartementet meldte tilbake i brev datert 3.4.2007 mellom anna at ein var komen til at dei årlege meldingane burde leggjast fram av regjeringa. Arbeidet med denne stortingsproposisjonen har gitt grunn til å vurdere dette spørsmålet på nytt. Departementet vil no gjera ei ny vurdering av rapporteringsordninga, der rapporteringa og den konstitusjonelle ansvarsfordelinga vil bli særleg vurdert. Regjeringa vil kome tilbake til Stortinget med dette på ein høveleg måte, etter dialog med mellom andre rettsferdsvederlagsutvala.»

Regjeringa meiner at det er behov for å gjere endringar i praksisen med at Regjeringa rapporterer til Stortinget om arbeidet i rettsferdsvederlagsutvala. Rettsferdsvederlagsordninga er Stortinget si eiga ordning. Regjeringa meiner derfor det er meir naturleg at Stortinget blir orientert om arbeidet direkte frå utvala som fattar avgjerslene i sakene og som har den nødvendige nærleiken og oversikten over saksområdet. Innhaldet i årsrapporteringa frå utvala er av eit avgrensa omfang som gjer bruken av eigne stortingsmeldingar lite eigna. Regjeringa meiner at dette talar for at utvala sjølve årleg orienterer Stortinget om arbeidet i rettsferdsvederlagsutvala. Rapporteringa kan til dømes

skje ved at Justissekretariata utarbeider eit utkast til årsrapport på vegne av rettsferdsvederlagsutvala.

4 Einskildsak der utbetalt vederlag kjem over kr 200 000

Rettsferdsvederlagsutval I har i éi sak tilrådd rettsferdsvederlag på over kr 200 000. Saka blir derfor lagd fram for Stortinget for avgjerd.

Søkjar NN, fødd 1960, er uføretrygda på grunn av langvarig tvangsnevrose. Ho voks opp i ein heim prega av manglande omsorgsevne frå foreldra, mora sitt alkoholmisbruk og psykiske problem. Barnevernet var tidleg klar over forholda i heimen og sette inn visse hjelpetiltak, men desse var meir retta inn mot mor, slik at søkjar stort sett var overlata til seg sjølv i oppveksten utan stabil og trygg vaksenkontakt. Søkjar hadde eit særleg behov for oppfølging. Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet har innstilt på rettsferdsvederlag med kr 150 000 for manglande inngrep frå barnevernet, og utvalet er samd i det når forholdet blir vurdert isolert.

Søkjar blei i tillegg utsett for seksuelle overgrep, også i form av samleie, frå 9-10 års alderen. Overgriparane var kjende av familien, som til dels gav alkohol til mor. Også dette talar etter praksis for eit monaleg rettsferdsvederlag.

Søkjar fikk adekvat medisinsk behandling då ho var lagd inn på sjukehus som seksåring. Ho viser til at ho har fått store traume som følgje av at ho i samband med undervisning blei framvist for medisinarstudentar i ein stor aula. Sosial- og helsedirektoratet har ikkje innstilt på rettsferdsvederlag på dette grunnlaget, og opplyser at framvising av pasientar blei rekna som ein integrert del av verksamda ved universitetsklinikkane. Utvalet legg til grunn at dette har hatt uvanleg uheldige følgjer for søkjar, slik at også dette bør takast omsyn til ved utmålinga av rettsferdsvederlag.

Det er såleis fleire årsaker til den vanskelege situasjonen til søkjar. Utan å gå inn på forholdet mellom dei finn utvalet etter ei samla vurdering å tilrå at søkjar blir gitt kr 300 000 i rettsferdsvederlag. Dette kjem over beløpsgrensa på kr 200 000 som utvalet har fullmakt til sjølv å avgjere.

Rettsferdsvederlagsutvalet tilrår på denne bakgrunn at søkjar NN, fødd 1960, får rettsferdsvederlag frå statskassa med kr 300 000.

Justis- og politidepartementet

tilrår:

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om rettsferdsvederlag frå statskassa (Arbeidet i rettsferdsvederlagsutvala i 2007 mv.).

Vi **HARALD**, Noregs Konge,

stadfestar:

Stortinget blir bede om å gjere vedtak om rettsferdsvederlag frå statskassa (Arbeidet i rettsferdsvederlagsutvala i 2007 mv.) i samsvar med eit vedlagt forslag.

Forslag

til vedtak om rettsferdsvederlag frå statskassa (Arbeidet i rettsferdsvederlagsutvala i 2007 mv.)

Stortinget samtykkjer i at denne søkjaren blir gitt rettsferdsvederlag frå statskassa:

I

Søklar NN, fødd 1960, får rettsferdsvederlag frå statskassa med kr 300 000.
